

Høyringsutspel 22.11.24

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Strand, Maria Kristi (07.11.1989), signert 22.11.2024 med Signicat Sign BANKID
- Botnen, Solveig Karin (27.11.1980), signert 22.11.2024 med Signicat Sign BANKID
- Helle, Torleiv Naa (13.10.1962), signert 22.11.2024 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet innholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

Landbruksdirektoratet
Skolegata 22
7713 Steinkjer

Fruktlagera i Hardanger;

Dato: 22.11.2024

Hardanger Fjordfrukt SA,
5778 Utne

Pl Nå Fruktlager SA,
5776 Nå

Ullensvang Fruktlager SA
5781 Lofthus

Ref: 24/76415.

Felles uttale i samband med høyringa av forskrift om fastsetjing av minstekvantum av epleråstoff til bearbeidingsindustrien.

Samvirkeorganisasjonane Hardanger Fjordfrukt SA, Ullensvang Fruktlager SA og Nå Fruktlager SA i Hardanger har til **saman om lag 230 aktive produsentar av eple i Hardanger.**

Dei epla det ikkje vert sal på i butikk eller anna industri har historisk sett vorte sendt til konsentrering. Som igjen vert kjøpt av bearbeidingsindustrien i Noreg.

Denne konsentreringa er avgjerande for primærprodusenten sin produsentøkonomi. Me ynskjer derfor å sende desse innspela på vegne av desse viktige primærprodusentane i Norsk landbruk.

Det er sjølv sagt og avgjerande med vidare sal av konsentratet for å sikre ein god berekraftig drift, både for føretaket som konsentrerer / bearbeider, men og for primærprodusentane. Sal av eplerådstoffet er og avgjerande då det utløyser dei offentlege produsjonstilskota. Om ein ikkje får levert desse epla til konsentrat, vil dette føre til eit auka matsvinn.

Behovet for konsentrat i Noreg er betydeleg i bearbeidingsindustrien og det meste av dette konsentratet vert i dag importert. Det er derfor ekstra viktig at me sikrar industrien tek ut eit høgare volum av Norsk konsentrat i framtida enn det dei gjer i dag.

I følgje forskrifta skal minstekvantumets størrelse baserer seg på tal frå årets eplesesong.

I tillegg til det aukande volumet av epleproduksjon i Noreg, ynskjer me i tillegg at det vert teke hensyn til at volumet av eple til press kan sjå ut som aukar av mange årsaker.

Her vert nokre av årsakene:

1. *Endring i marknad – most og siderprodusentar.* Fruktlagera i Hardanger utgjer til saman Noregs største mottak av eple. Me har tradisjonelt hatt god omsetnad på epla som ikkje kan gå til konsum, men me opplever no at bransjen er i endring. Bla. har Sider- og mostprodusentane i Hardanger etter kvart vorte meir og meir sjølvforsynte. Dette gjer at uttaket av epleråstoff til juice/most har stagnert.
2. *Innstrammingar rundt tillate sprøytemidlar – fører til meir pressfrukt.* Me får inn ein % vis andel meir frukt som ikkje er eigna til sal som konsumfrukt til forbrukar.
3. *Klimaforandringar fører til meir skade frå td. Innsekt, men og ekstremvêr (hagl, vind og regn)*
4. *Landbrukspolitisk mål om ytterleg auke av volum av norsk frukt i åra framover.*

Dokumentet er signert digitalt av:

- Strand, Maria Kristi (07.11.1989), 22.11.2024
- Botnen, Solveig Karin (27.11.1980), 22.11.2024
- Helle, Torleiv Naa (13.10.1962), 22.11.2024

Forseglet av



Posten Norge

Desse årsakene, saman med dagens stadig strenge krav til kvalitet og tøffe konkurranse, er i det ikkje å kome utanom at me i åra framover mest truleg få ein auke i tilgangen på råvarer til press og konsentrering.

For å unngå at dette vert ein flaskehals, må me sikre at bearbeidingsindustrien ligg i forkant og vert pålagt eit høgre uttak, så sant det er tilgang på råstoff.

Årets volum av eple av konsumkvalitet i våre system, var nært likt som i 2023, mens volum av innleverte eple til press i regionen er nært 350 tonn høgare enn normalt. Ser me dette saman med haglskadane på epla på austlandet utgjør det betydelege ekstra volum av eple til press og konsentrering. Dette må forskrifta ta høgde for.

Mvh.

På vegne av Fruktlagera i Hardanger,

Dagleg leiar
Solveig K. Botnen
Hardanger Fjordfrukt SA,
5778 Utne

Dagleg leiar
Torleiv NÅ Helle
Pl NÅ Fruktlager SA,
5776 NÅ

Dagleg leiar
Maria Strand
Ullensvang Fruktlager SA
5781 Lofthus

Dokumentet er signert digitalt av:

- Strand, Maria Kristi (07.11.1989), 22.11.2024
- Botnen, Solveig Karin (27.11.1980), 22.11.2024
- Helle, Torleiv Naa (13.10.1962), 22.11.2024

Forseglet av



Posten Norge